



Tysvær kommune  
Postboks 94  
5575 Akdsdal

Kontakt saksbehandlar

Helge A. Haga, tlf.: 51 56 8856

## Varsel om tilsyn med Tysvær kommune sitt arbeid med miljøretta helsevern

Statens helsetilsyn har avgjort at det i 2019 skal gjennomførast eit landsomfattande tilsyn med kommunane sitt folkehelsearbeid etter folkehelselova, fokuset vil vera kommunane sitt tilsyn med miljøretta helsevern i skular og barnehagar, jf. folkehelselova § 30.

Fylkesmannens sitt tilsynsansvar og myndigheit følgjer av § 31 i folkehelselova, jf. kommunelova kapittel 10A.

Tilsynet vil bli gjennomført i tidsrommet **21. – 23. mai 2019**.

### Tema for tilsynet:

#### **Tar kommunen i vare sitt tilsynsansvar for miljø retta helsevern med barnehagar og skular med å syte for:**

- klar fordeling av myndigheit og oppgåver, nødvendig uavhengigheit og kompetanse
- oversikt over godkjenningsspliktige skular og barnehagar
- at risikoforhold i miljøet i den enkelte barnehage og skule vert følgt opp og at kommunen fører regelmessig tilsyn med barnehagar og skular i kommunen
- at tilsyn systematisk blir følgt opp der det er avdekkta lovbrøt

Følgjande regelverk er lagt til grunn for tilsynet:

- Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)
- Forskrift om miljø retta helsevern i barnehagar og skular
- Forskrift om miljø retta helsevern
- Forskrift om oversikt over folkehelsa

Tilsynet vert utført som systemrevisjon. Det vil seia at vi undersøker korleis kommunen styrer sine tenester, og om det gir dei resultatata lovgivinga krev. Dette gjer vi med å hente inn informasjon om tenestene, gjennomføre intervju av tilsette, gjennomgå styrande dokumentasjon og planar.



I tillegg vil vi innhente informasjon frå brukarane. Korleis involveringa av brukarrepresentantar skal vera og korleis vi skal innhente informasjon frå dei (møter, telefon, spørjeskjema, Skype mv), vil bli bestemt på eit seinare tidspunkt, men i god tid før tilsynet vert gjennomført.

Det vil bli gjennomført felles opnings- og sluttmøte. Under opningsmøtet vil Fylkesmannen gje orientering om tilsynet. I sluttmøtet vil det bli lagt fram og drøfta funn basert på dokumenter, intervju og verifikasjonar.

Det er ønskeleg at tilsette som vert involvert i tilsynet deltar på fellesmøta.

### **Fylkesmannen ber på forhand om å få tilsendt følgjende dokumentasjon:**

- Organisasjonskart for kommunen, inkludert orientering om organisering av ansvar og oppgåver i forhold til miljø retta helsevern.
- Oversikt over tilsette som arbeidar med oppgåver som er tema for tilsynet
- Stillingsbeskriving: Kommuneoverlege, folkehelsekoordinator, ev andre med oppgåver på området
- Den delen av internkontrollsystemet som gjeld styringa av folkehelsearbeidet, med fokus på miljø retta helsevern
- Beskriving av ev mandat for kommunen sitt arbeid med miljø retta helsevern etter folkehelselova kp. 3
- Eventuelle sektor-, tema-, fagplanar som gjeld for miljøretta helsevern
  
- Delegasjon av tilsynsmyndigheit og oppgåver, delegasjonsreglement ved internt tilsynsorgan.
  - Delegasjonsavtalar med eksternt tilsynsorgan, ev. avtalar for kjøp av tenester frå annan kommune
- Dokumentasjon av tilsynsorganet si uavhengigheit og kompetanse
- Oversikt over godkjeningsstatus for barnehagar og skular i kommunen
- Tilsynsplan og risikovurderingar,
- Oversikt over gjennomførde og over ikkje-avslutta tilsyn
- Siste tilsynsrapport frå kvar skule og barnehage i kommunen
- Rutinar for oppfylging av verksemder (barnehagar og skular) ved lovbrøt
- Rutinar for å informera leiinga dersom tilsyn ikkje vert forsvarleg ivareteke
- Meldte avvik til kommunen og andre opplysningar frå barnehagar og skular som kan knytast til risikoforhold ved ute/ inne miljø, skadar, ulukker mv.
  
- Rutinar for det løpande oversiktarbeid.
  - Ev rutinar som beskriv korleis informasjon frå miljøretta helsevern skal inngå i oversiktsarbeidet
- Fireårig oversiktsdokument
- Mandat, rutine for Samarbeidsutvalg i skule og barnehage
- Rapport etter forvaltningsrevisjon med kommunens internkontroll, samt rådmannen si tilbakemelding (Tysvær kommunestyresak 28/2018).

Vi ber om at ovannemnde dokumentasjon vert sendt fylkesmannen innan **23. april 2019**.

Dokumenta kan sendes som e-post til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) eller post.

Som ein del av forberedelsen av tilsynet vil det vere aktuelt å innhenta informasjon frå  
Vi ber om at kommunen peiker ut ein **kontaktperson** for tilsynet, og at vi får tilsend namn,



telefonnummer og e-postadresse så snart som mogleg, seinast saman med oversendinga av dokumenta. Kontaktpersonen bør ha nært kjennskap til tilsynsområdet.

Fylkesmannen ber om at kommunen stiller arbeidsrom til disposisjon for tilsynsbesøket, og et møterom med moglegheit for bruk av prosjektør på opnings- og sluttmøte

Konklusjonane frå tilsynet vil bli presentert i ein eigen rapport. Eit utkast til rapporten vil bli førelagd kommunen for eventuelle kommentarar til dei faktiske forholda, før endeleg rapport vert gjort ferdig og sendt over til kommunen for eventuell oppfølging. Både utkast til og endeleg rapport frå tilsynet er offentlege.

Tilsynet vil bli gjennomført av Ingegerd Møller, ass. fylkeslege, Astrid Aadland, jurist/seniorrådgivar og Helge A. Haga seniorrådgivar, med sistnemnd som revisjonsleiar og kontaktperson.

Dersom det ikkje er mogleg å gjennomføra tilsynet etter oppsette datoar ber vi om at melding straks blir gitt til revisjonsleiar på telefon 51 56 88 56.

Med helsing

Janne Dahle-Melhus  
avdelingsdirektør/fylkeslege

Helge A. Haga  
revisjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*